



Eit nytt TV-innslag teke opp i Uskedalen ligg på beddingen. Det er det 20 minutter lange programmet om Robert Smith-Hald som inngår i serien Underveis. Det vil bli sendt onsdag 11 april klokka 19.45 i NRK2 og klokka 1730 i NRK1 søndagen etter. I programmet inngår også ein minikonsert innspilt i Dønhaugkjedlaren

Robert har ein spesiell bakgrunn. Han vaks opp i Pennsylvania i USA - i ein streng atmosfære prega av Rudolf Steiners filosofi. Med samfunnet rundt hadde dei minimal kontakt og Robert hugsar særleg første gong då han hørde Elvis song. Det var ei kjenslelada oppleving..

Alkohol og popmusikk var forbode.
I dag står musikk læraren og trubaduren på Sotra friare.
48-åringen er snart ute med den andre plata si og er noregsmeister 5 gonger i ølbryggjing.
På biletet er det klart for opptak på Dønhaug.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen